



Ove Myhre røysta i siste minutt, han rakk det såvidt etter ein rask køyretur frå Lillehammer! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Førebels utrekningar, som kan bli korrigerte, tyder på at valdeltakinga i Uskedalen ikkje var betre denne gongen enn under Stortingsvalet for fire år sidan. Då røysta 70,8 prosent av uskedalingane, medan stemmestyret under grovrekninga i kveld kom fram til ein frammøteprosent på 70,3. Med andre ord låg deltakinga på same nivå som sist.

Det var 748 røysteføre denne gongen og det har røysta 418 i Aktivitetshuset på sjølve valdagen medan 108 frå Uskedalen røysta på førehand.

I skrivande stund føreligg inga tal å samanlikna med frå andre krinsar. Det er difor ikkje mogeleg å seia om Uskedalen har arbeidd seg opp frå den lite smigrande jumboplassen bygda har hatt ved nokre val tidlegare. Men frammøteprosenten i heile Kvinnherad har vore 75,4 denne gongen.

Særleg var deltakinga i Uskedalen skral under kommunevalet i 2003, då prosenten ikkje kom høgare enn 53. Difor vart det gjennomført ein aksjon for to år sidan og prosenten auka då til 59, berre fire etter Husnes.

Av Ola Matti Mathisen



Kjartan Bauge røysta for første gong. (Foto: Ola Matti Mathisen)